

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Føretak: Helse Vest RHF
Dato: 24.05. 2013
Sakhandsamar: **Jan Erik Lorentzen m. fleire**
Saka gjeld: **Rapportering frå verksemda april 2013**

Arkivsak

2011/11/

Styresak 071/13 B

Styremøte 19.06. 2013

Forslag til vedtak

Styret tek rapporteringa frå verksemda per 30. april 2013 til etterretning.

Oppsummering

Ventetidsutviklinga per april 2013 syner at dei gjennomsnittlege ventetidene for alle som starta behandling var 73 dagar, medan ventetida for dei som framleis venta ved utgangen av månaden var 78 dagar. Ventetida for behandla har gått litt opp den seinaste månaden, og det same har ventetida for ventande gjort. Prosentdelen ventetider som er oppdatert dei seinaste fire vekene på nettstaden fritt sjukehusval blir rapportert for første gong ved førre rapportering. Tala viser at utviklinga har vore positiv heilt frå april 2010 og fram til og med april 2013, og særleg dei fire første månadene av 2013 har resultata vore gode.

Aktivitetsnivået innan den somatiske sektoren er høgare enn til same tid i 2012, både for innlagde dag- og døgnpasientar, og marginalt lågare for poliklinisk behandling. Aktivitetsnivået innan psykisk helsevern syner høgare poliklinisk aktivitetsnivå innan BUP og PH for vaksne samanlikna med same tid i 2012. Det er generert nokre fleire døgnpasientar innan psykisk helsevern for vaksne, medan det er gjennomført litt færre liggjedøgn både for barn og unge og vaksne.

Prosentdelen fristbrot for behandla er framleis høg (5 %), og har vore stabil samanlikna med dei to førre månadene. Helse Stavanger har framleis størst utfordringar knytt til korridorpasientar innan somatikken, men har hatt ein markant nedgang i tala dei to seinaste månadane. Innan psykisk helsevern har det vore ein nedgang i talet korridorpasientar i Helse Stavanger HF den siste månadane, medan Helse Bergen HF har hatt ein auke i april. Talet langtidsventande har gått litt ned den seinaste månaden. Delen epikrisar sendt innan 7 dagar var 80 % både innan somatikken og innan psykisk helsevern i april 2013.

Det økonomiske resultatet i april er kr 41,9 mill som er kr 18,1 mill svakare enn budsjettet. Akkumulert resultat er etter fire månader kr 186,1 mill som er kr 25 mill lågare enn budsjettet. Med unntak av Helse Stavanger melder føretaka ein prognose for året som er i tråd med budsjett.

Det er sett i verk rapportering på omstillingstiltak frå Helse Stavanger og Helse Fonna. For dei andre helseføretaka er risikoen vurdert å vere moderat og det er førebels ikkje vurdert som nødvendig å iversette rapportering på omstillingstiltak.

Samla investeringar per april er på kr 374,6mill. Dette utgjør omlag 22 % av forventade investeringsnivå i 2013. Samla sett er likviditetssituasjonen med noverande driftskredittramme vurdert å vere tilfredsstillande.

Det er ein nedgang med 1,2 % i det samla sjukefråværet i april 2013 i forhold til mars 2013. Samanlikna med same periode førre år har det samla sjukefråværet gått ned med 0,2 % og sjukemeldt fråvær gått ned med 0,5 %. 63,99 % av alle einingane har eit samla sjukefråvær på 5,5 % eller lågare per april 2013.

Det har vore ein nedgang med 17 netto månadsverk frå april 2013 til mai 2013 og ein nedgang med 3 brutto månadsverk i same perioden.

Den korrigerde gjennomsnittlege stillingsprosenten for april 2013 er på 89,3 %.

Fakta

Denne rapporten er utarbeidd med basis i informasjon per 30. april 2013.

Kommentarar

1. Aktivitetsutvikling

Frå førre rapportering blei aktivitetstal frå det regionala datavarehuset nytta til å rapportere aktivitetsutviklinga og ikkje tal helseføretaka sjølv har rapportert inn. Denne omlegginga blei gjennomgått i styresak 020/13. Biletet under syner aktivitetsutviklinga siste månad, akkumulert aktivitet hittil i år og akkumulert aktivitet hittil i år samanlikna med same periode førre år.

	Denne periode	Resultat hittil i år	Resultat hittil i fjor	Endring frå i fjor	Endring frå i fjor %
Somatikk					
Døgnopphald	14 773	58 365	57 054	1 311	2,3 %
Dagopphald	6 384	23 880	23 618	262	1,1 %
Polikliniske konsultasjonar	71 480	292 941	293 519	-578	-0,2 %
Sum DRG-poeng	22 024	88 438	87 578	858	1,0 %
DRG-poeng KMF	11 193	41 759	40 374	1 384	3,4 %
BUP					
Døgnopphald	83	278	301	-23	-7,6 %
Polikliniske konsultasjonar	12 625	45 112	40 770	4 342	10,6 %
Sum liggedøgn i perioden	1 438	5 521	5 889	-368	-6,2 %
VOP					
Døgnopphald	783	2 966	2 854	112	3,9 %
Polikliniske konsultasjonar	18 597	68 447	67 488	959	1,4 %
Sum liggedøgn i perioden	20 144	81 807	82 980	-1 173	-1,4 %

Somatikk

Dei absolutte tala syner at det per utgongen av april 2013 totalt var generert rundt 88 400 DRG-poeng ved dei fire helseføretaka, noko som er 1,0 prosent høgare enn til same tid i 2012. Nær 42 000 av desse DRG-poenga er generert innan det utvalet med DRG-ar som inngår i kommunal medfinansiering (KMF). Alle dei fire helseføretaka har ein høgare DRG-produksjon enn i 2012, og Helse Fonna har den høgaste veksten.

Talet døgnopphald hittil i år var på om lag 58 400, medan talet dagopphald var 23 600. For døgnopphald er aktivitetsnivået 2,3 prosent høgare enn i 2012, medan aktiviteten er 1,1 % høgare målt for dagopphalda. Av helseføretaka har Helse Stavanger HF ein litt lågare døgnaktivitet i 2013 (-0,8 %), medan Helse Stavanger HF og Helse Bergen HF har ein lågare dagaktivitet i 2013 samanlikna med 2012.

Talet polikliniske konsultasjonar låg ved utgongen av april 2013 rett over 293 500, noko som er marginalt lågare enn ved utgongen av april 2012 (-0,2 %). Helse Stavanger HF og Helse Førde HF har ein høgare poliklinisk aktivitet til no i 2013 enn til same tid i 2012.

Psykisk helsevern for barn og unge

Talet avslutta døgnopphald per utgongen av april 2013 var 278, noko berre er 23 færre enn i 2012. I den same perioden er det generert nær 5 500 liggjedøgn, noko som er 6,2 % lågare enn per april 2012. Av dei fire helseføretaka er det berre Helse Stavanger HF som har hatt fleire avslutta døgnopphald enn i 2012, medan alle helseføretaka unntatt Helse Bergen HF har generert færre liggjedøgn.

Ser ein på den polikliniske aktiviteten innan psykisk helsevern for barn og unge så syner dei innrapporterte tala at det er generert nær 45 000 konsultasjonar per april 2013. Dette er om lag 4 300 fleire enn til same tid i 2012, noko som gir ein vekst på 10,6 %. Ser ein på utviklinga på

helseføretaksnivå finn ein at alle dei fire helseføretaka har veksten i talet polikliniske konsultasjonar innan psykisk helsevern for barn og unge samanlikna med tilsvarende periode i 2012. Helse Bergen HF og Helse Førde HF har den sterkaste veksten i konsultasjonar, medan Helse Fonna HF ligg lågast med ein vekst på 4,1 %.

Psykisk helsevern for vaksne

Aktivitetsnivået innan psykisk helsevern for vaksne 3,9 % høgare enn per april 2012 målt i talet på avslutta døgnopphald. Per april 2013 var det generert nær 3 000 døgnopphald og differansen samanlikna 2012 er på 112 opphald. Av helseføretaka har Helse Bergen HF og Helse Førde HF generert fleire avslutta døgnopphald enn til same tid i fjor. I same periode vart det generert nær 82 000 liggjedøgn, noko som er om lag 1 200 færre enn per april 2012 (-1,4 %). Helse Fonna HF og Helse Stavanger HF har hatt fleire liggjedøgn til no i 2013, samanlikna med same periode i 2012.


Til no i 2013 er det generert nær 68 500 polikliniske konsultasjonar innan psykisk helsevern for vaksne ved helseføretaka i regionen. I 2012 var det tilsvarende talet rundt 67 500 konsultasjonar, noko som gir eit aktivitetsnivå som er 1,4 % høgare til no i 2013. Av helseføretaka har Helse Bergen HF hatt ein høgare aktivitet til no i 2013, medan dei tre andre helseføretaka har hatt ein lågare poliklinisk aktivitet.

2. Ventetidsutvikling

HFa i Helse Vest har jobba målretta med å redusere fristbrot og ventetider over lengre tid. For å gje fart til dette arbeidet er RHFet i samarbeid med HFa no i ferd med å sette saman ein pakke med ulike tiltak. Tiltaka er retta mot å auke andelen pasientar som møter til time ved poliklinikkane, og redusere arbeidet knytta til re-planlegging av timar på poliklinikk. Vi ventar at tiltaka og vil gje betre høve til planlegging av poliklinikkar, betre service til pasientane og tydeleg leiarsskap i sjukehusa. Helse Vest RHF vil beskrive arbeidet med denne tiltakspakken i ei eige styresak no i juni (sjå eige sak).


Den samla gjennomsnittlege ventetida for alle som starta behandling i april 2013 var på 73 dagar (63 dagar for prioriterte og 94 dagar for dei utan prioritet). Figuren nedanfor viser ventetidsutviklinga per helseføretak for alle pasientar som har starta behandling.

Samla ventetid for behandla pasientar fordelt per helseføretak – alle fagområde



Den samla gjennomsnittlege ventetida for alle pasientar som framleis venta på behandling i Helse Vest ved utgangen av april 2013 var 78 dagar, fordelt på 55 dagar for prioriterte og 106 dagar for ventande utan prioritet. Figuren under viser samla ventetid for alle ventande fordelt per helseføretak.


Samla ventetid for ventande pasientar fordelt per helseføretak – alle fagområde



Somatikk


Den samla gjennomsnittlege ventetida for ventande innan somatikken var 79 dagar ved utgongen av april. For pasientar med prioritet var ventetida 55 dagar, og for pasientar utan prioritet 106 dagar. I figuren nedanfor er samla gjennomsnittleg ventetida for ventande vist per føretak.

Samla gjennomsnittleg ventetid for ventande pasientar fordelt per helseføretak – somatikk



Ser ein på dei gjennomsnittlege ventetidene for pasientane som starta somatisk behandling i april 2013, så var dei 63 dagar for prioriterte og 95 dagar for ventande utan prioritet, noko som gir 64 dagar i gjennomsnitt for alle som starta behandling. Samla ventetid for behandla fordelt per helseføretak er vist i figuren under.


Samla gjennomsnittleg ventetid for behandla pasientar fordelt per helseføretak – somatikk



Psykisk helsevern for barn og unge


Den gjennomsnittlege ventetida for ventande med prioritet innan BUP var 42 dagar, og for ventande utan prioritet var ventetida 99 dagar ved utgangen av april 2013. Samla ventetid for alle som venta på behandling var 46 dagar.

Samla gjennomsnittleg ventetid for ventande pasientar fordelt per helseføretak – BUP



Samla ventetid for pasientar som starta behandling i april 2013 var 60 dagar i gjennomsnitt. Ventetida for prioriterte pasientar var 60dagar, medan ventetida for dei utan prioritet var 68 dagar.


Samla gjennomsnittleg ventetid for behandla pasientar fordelt per helseføretak – BUP



Psykisk helsevern for vaksne


Den samla gjennomsnittlege ventetida for alle ventande innan psykisk helsevern for vaksne var 66 dagar ved utgangen av april 2013. Ventetida for ventande med prioritet var 45 dagar og 97 dagar for dei utan prioritet.

Samla gjennomsnittleg ventetid for ventande pasientar fordelt per helseføretak – PH vaksne



For pasientar som starta behandlinga i april 2013 var den samla gjennomsnittlege ventetida 52 dagar. Prioriterte pasientar hadde ei gjennomsnittleg ventetid på 45 dagar, medan ventetida for pasientar utan prioritet var 78 dagar.

Samla gjennomsnittleg ventetid for behandla pasientar fordelt per helseføretak – PH vaksne




Tverrfagleg spesialisert behandling av rusmiddelproblem (TSB)

For å kunne gjere ventelisterapporteringa komplett, har ein no og tatt med ventetidsutviklinga innan tverrfagleg spesialisert behandling av rusmiddelproblem (TSB). Då dei private avtalespesialistane utgjør ein stor del av tilbodet i helseregionen blir det nytta månadlege tal frå Helsedirektoratet, NPR i denne rapporteringa, då det regionale datavarehuset ikkje inneheld data frå dei private institusjonane.


Den samla gjennomsnittlege ventetida for alle ventande innan TSB var 91 dagar ved utgangen av april 2013. Ventetida for ventande med prioritet var 58 dagar og 214 dagar for dei utan prioritet.

Samla gjennomsnittleg ventetid for ventande pasientar fordelt per helseføretak – TSB




For pasientar som starta behandlinga i april 2013 var den samla gjennomsnittlege ventetida 78 dagar. Prioriterte pasientar hadde ei gjennomsnittleg ventetid på 62 dagar, medan ventetida for pasientar utan prioritet var 154 dagar.

Samla gjennomsnittleg ventetid for behandla pasientar fordelt per helseføretak – TSB



Oppdaterte ventetider på nettstaden fritt sjukehusval

Ein av dei indikatorane som blir rapportert til Helse- og omsorgsdepartementet og som det har vore fokus på i det siste, er prosentdelen ventetider på nettstaden fritt sjukehusval som har vore oppdatert dei seinaste fire vekene før rapporteringstidspunktet. Helse Vest har starta å samle inn månadlege tal for dette frå og med januar 2013. I figuren under er månadstal for 2013 kombinerte med dei punktmålingane som blei gjort per tertial tidlegare år. Som figuren viser har utviklinga vore positiv i heile perioden frå april 2010 og fram til no. Særleg høgt har resultatet vore dei fire første månadene av 2013. Den nasjonale målsettinga er at 100 % av ventetidene skal vere oppdaterte dei seinaste fire vekene.



3. Fristbrot og langtidsventande


Helseføretaka har arbeidd med å få ned talet på fristbrot sidan sommaren 2010, med målsetting om at fristbrot ikkje skal førekome. I tabellen nedanfor finn ein fire ulike mål på fristbrot.

Samla utvikling i tal og prosentdel fristbrot for Helse Vest

Tid	Fristbrot							
	For ventande ved periodeslutt		Der helsehjelpa har starta i perioden		Totalt (NPR-utrekning)		Nye fristbrot (Med frist i per.)	
	Pasientar	Pst	Pasientar	Pst	Pasientar	Pst	Pasientar	Pst
2012-apr	879	4 %	666	8 %	1545	5 %	1154	10 %
2012-mai	906	4 %	751	7 %	1657	5 %	1040	9 %
2012-jun	686	3 %	739	7 %	1425	4 %	793	7 %
2012-jul	953	4 %	357	6 %	1310	4 %	831	9 %
2012-aug	841	4 %	843	9 %	1684	5 %	1072	11 %
2012-sep	829	3 %	884	9 %	1713	5 %	1138	11 %
2012-okt	734	3 %	813	7 %	1547	4 %	973	9 %
2012-nov	530	2 %	683	6 %	1213	3 %	743	7 %
2012-des	589	2 %	457	5 %	1046	3 %	668	6 %
2013-jan	437	2 %	699	6 %	1136	3 %	763	7 %
2013-feb	382	1 %	456	5 %	838	2 %	560	5 %
2013-mar	418	2 %	406	5 %	824	2 %	580	5 %
2013-apr	317	1 %	577	5 %	894	3 %	671	6 %


I den månedlege rapporteringa til Helse- og omsorgsdepartementet (ØBAK) er det delen fristbrot for pasientar som har starta behandling som skal rapporterast. Tabellen under viser utviklinga i delen fristbrot for behandla pasientar fordelt per helseføretak.

Utvikling i tal behandla pasientar med fristbrot per helseføretak



I Helse Vest er det og sett i verk tiltak for å redusere talet på langtidsventande. Figuren under viser utviklinga i talet på langtidsventande fordelt per helseføretak.


Utvikling i tal langtidsventande (1 år+) per helseføretak



4. Korridorpatientar og epikrisetid

Figurane under viser utviklinga i bruk av korridorpassar per måned innan psykisk helsevern og somatikk fordelt per helseføretak.

Gjennomsnittleg tal korridorpatientar per dag innan somatikk




Bruken av korridorpassar har historisk sett hatt samanheng med mange utskrivingsklare pasientar. Dei to seinaste månadene peika utviklinga igjen rett veg innan somatikken, særleg i Helse Stavanger og Helse Fonna, etter vekst i fleire føregåande månader. Helse Stavanger ligg framleis høgast målt i gjennomsnittleg tal korridorpatientar per dag, og både kirurgisk og medisinsk divisjon har utfordringar knytt til dette.


Dei seinaste månadene har det og vært ei markant auke i gjennomsnittleg tal korridorpatientar innan psykisk helsevern i Helse Stavanger HF. I Helse Stavanger HF har stenging av ein post grunna

rekrutteringsproblem vore hovudbidragsytar til denne utviklinga. Det er forventa at desse utfordringane vil fortsette fram mot sommaren. I Helse Bergen HF har det vore eit høgt belegg innan psykisk helsevern i 2013, men utviklinga i høve til korridorpatientar var positiv i februar og mars, for så å auke igjen i april.

Gjennomsnittleg tal korridorpatientar per dag innan psykisk helsevern



Den nasjonale målsettinga er at 100 % av epikrisane skal sendast ut innan 7 virkedagar. I april 2013 var delen epikrisar utsendt innan fristen 80 % både innan psykisk helsevern og innan somatikken. Innan psykisk helsevern hadde tre helseføretak over 80 % og Helse Førde låg høgast med 87 %, medan Helse Stavanger ligg lågast. Helse Førde HF hadde den høgaste prosentdelen innan somatikken (88 %), medan Helse Stavanger ligg lågast. Figuren nedanfor syner den samla utviklinga i epikrisetider innan psykisk helsevern og somatikk dei siste 15 månadene.



5. Helsefaglege tiltak

Frå og med denne verksemdrapporteringa blir helseføretaka bedne om å beskrive kva for tiltak dei har sett i verk for å nå dei ulike helsefaglege målsettingane.

Helse Fonna:

I Helse Fonna HF går dei overordna tiltaka på å redusere talet fristbrot ved bruk av utvida opningstid på poliklinikkar og innleige av legar. Helseføretaket vil og ta ein gjennomgang av pleiefaktor for å utjamne forskjellane mellom sjukehusa i føretaket. Det er og eige fokus på plan for psykisk helsevern. Når det gjeld aktivitetsutvikling innan somatikk og psykisk helsevern er det fokus på å dreie behandlingsaktiviteten frå døgn til dag og poliklinikk. Tiltak for å forbetre ventetidene omhandlar innleige av overlegar og funksjonsfordeling for å utnytte ledig kapasitet. Innføring og oppfølging av talegjenkjenning er eit av tiltak for å forbetre epikriseprosessen, medan ein arbeider med å få på plass gode rutinar for utskrivingsklare pasientar som eit ledd i å redusere talet korridorpasientar.

Helse Førde:

Helse Førde HF er det einaste helseføretaket i Helse Vest som ikkje nyttar SMS varsling til pasientane og helseføretaket har som ei overordna målsetting å få dette på plass innan juni i år. I helseføretaket er det oppfølging av fristbrot og langtidsventande kvar veke etter oppsett prosedyre. Det vert og meldt frå om avtalar fram i tid som kan generere avvik. Desse skal vidare setjast opp til avtale for å unngå avvik i forhold til måltal. Helse Førde HF har vekentleg melding av epikrisetid, og føretaket ynskjer ei ennå strengare oppfylging for å klare halde dei sette måltala. Dette vil føretaket arbeide meir med framover. Når det gjeld korridorpasientar så har helseføretaket sidan slutten av januar 2013 hatt dagleg oppfølging av korleis korridorpasientar på sengepostane blir registrert. Denne oppfølginga vil fortsette framover.

Helse Bergen:

Helse Bergen seier at aktiviteten ligg over plantall og det er difor ikkje satt i verk nokre ekstraordinære tiltak for å auke denne. Når det gjeld ventetider, fristbrot og epikrisetid blir dette diskutert på alle nivå 2 og nivå 3 møter, og administrerande direktør har stor merksemd kring målsettingane. Det er og utvikla verktøy som gjer at klinikkane lettare kan identifisere og ha oversikt over potensielle fristbrot og langtidsventande. Helseføretaket vil fortsetje med utrulling av talegjenkjenning og gje behandlerane auka opplæring i DIPS. Eit prosjekt knytt til betre registreringspraksis for å sikre eit korrekt bilete av talet korridorpasientar er avslutta. Dei nye rutineane vil regelmessig bli følgt opp vidare av fagsenteret for pasientadministrative system. Ei arbeidsgruppe har i vinter arbeidd med å sjå på kva føretaket bør gjere for å forbetre situasjonen knytt til sengekapasiteten på Haukeland. Ein rapport frå arbeidet er under ferdigstilling.

Helse Stavanger:

Ved Helse Stavanger blir SMS-varsling nytta ved fleire poliklinikkar. Den største utfordringa er at ca. 30 % reserverar seg mot sms-varsling eller ikkje har mobiltelefon. For desse pasientane er det etablert eit prosjekt ved kirurgisk divisjon med påminning ved å ringje opp pasienten. Det blir og planlagt eit prosjekt for å optimalisere poliklinikkdrift i Helse Stavanger HF i samarbeid med Helse Vest RHF. Aktivitetsmessig ønskjer føretaket å auke delen elektive opphald. Når det gjeld epikrisetider så har Helse Stavanger HF fokus på dei avdelingane som har låg måloppnåing med spesielt fokus på godkjenningstid (legar). Talegjenkjenning er i ferd med å bli innført i Helse Stavanger, men ein må rekne med forseinkingar i godkjenningsprosessen inntil dei personlege ordbøkene er ferdigstilt.

Det er framleis eit høgt tal korridorpasientar innan somatikken i Helse Stavanger, og størst utfordringar innan medisinsk divisjon. Føretaket har stort fokus på å «snu» fleire pasientar i mottak etter ein faglig vurdering, samt effektivisere innleggingane for å få kortare liggetid. Det er fortsatt fokus på fleksibel utnytting av senger. Psykisk helsevern for vaksne har hatt ein auke i talet innleggingar, samtidig som ein akuttpsykiatrisk sengepost er stengt pga bemanningsproblem. Dette har medført overbelegg, men berre unntaksvis (nokre timar) korridorpasientar. Føretaket nyttar f.eks. permisjonsrom og undersøkningsrom. Det er mykje feilregistrering og det blir gjennomført ny opplæring for å sikre korrekt registrering.

6. Økonomi


6.1 Resultat

	April			Hittil pr. April		
	Faktisk	Budsjett	Budsjett avvik	Faktisk	Budsjett	Budsjett avvik
Sjukehusapoteka Vest HF	-653	559	-1 213	3 042	2 928	114
Helse Bergen HF	22 406	28 100	-5 694	70 915	69 253	1 663
Helse Fonna HF	3 078	2 833	246	3 182	11 335	-8 153
Helse Førde HF	1 788	417	1 371	231	1 667	-1 436
Helse Stavanger HF	165	7 501	-7 336	-4 738	29 998	-34 735
Kjøp av helsestenester	20 664	21 494	-830	118 153	96 948	21 205
Administrasjon morselskap	-395	-237	-159	554	-619	1 174
Helse Vest IKT AS	-5 153	-697	-4 456	-5 236	-439	-4 797
Til saman	41 899	59 970	-18 071	186 104	211 070	-24 966

Alle tall i heile tusen

Det økonomiske resultatet i april er kr 41,9 mill som er kr 18,1 mill svakare enn budsjettet. Akkumulert resultat er etter fire månader kr 186,1 mill som er kr 25 mill lågare enn budsjettet.

Helse Stavanger




Alle tall i heile tusen

Føretaket har i april eit resultat på kr 0,2 mill som er kr 7,3 mill svakare enn budsjettet. Akkumulert resultat er minus kr 4,7 mill som er kr 34,7 mill svakare enn budsjettet.

Samla ordinær ISF inntekt har eit negativt avvik på kr 9,2 mill som må sjåast i samanheng med nedgangen på aktivitetssida hittil i år. Hovudårsaka til at inntektsida samla gir eit positivt budsjettavvik på kr 10,8 mill, skuldast eksternt finansierte prosjekt som har ei tilsvarande kostnadsida men som ikkje er budsjettet. Føretaket melder at kr 14,6 mill av lønnskostnadane inkl. innleige er relatert til eksternt finansierte prosjekt og at føretaket justert for dette har eit negativt budsjettavvik innan lønn på kr 28 mill. Hovudårsaka til avviket innan lønn knytter seg hovudsakeleg til lønn til fast tilsette samt auka bruk av overtid og innleige i forhold til budsjett.

Varekostnadane viser eit positivt avvik på kr 6,6 mill og ein må sjå dette i samanheng med lågare pasientrelaterte inntekter enn budsjettert. Andre driftskostnader har eit negativt budsjettavvik på kr 9,8 mill som hovudsakleg skuldast auka kostnader til energi, avsetning for tap på fordringar og auka IKT kostnader. Finansresultatet er kr 1 mill betre enn budsjettert.

Helse Fonna




Alle tall i heile tusen

Resultatet i april er kr 3,1 mill som er kr 0,2 mill betre enn budsjettert. Akkumulert gir dette eit resultat på kr 3,2 mill som er kr 8,2 mill svakare enn budsjettert.

Inntektene viser eit positivt budsjettavvik på kr 12,7 mill. Sum driftskostnader har eit negativt budsjettavvik på kr 21,4 mill og personalkostnadane inkl. innleige av personell utgjer eit negativt budsjettavvik på kr 23 mill. Det er kostnader til faste stillingar som bidreg mest til det negative avviket på bemanningsområdet. Varekostnadane knytt til føretaket sin eigenaktivitet og andre driftskostnader er etter fire månader om lag som budsjettert. Finansresultatet er kr 0,6 mill betre enn budsjettert.

Helse Bergen




Alle tall i heile tusen

I april er resultatet kr 22,4 mill som er kr 5,7 mill svakare enn budsjettert. Etter fire månader er resultatet kr 70,9 mill som er kr 1,7 mill betre enn budsjettert.

Driftsinntektene viser eit positivt budsjettavvik på kr 53 mill medan driftskostnadane syner eit negativt budsjettavvik på kr 52,9 mill, kor lønnskostnad og ekstern innleige utgjer kr 23,4 mill av avviket. Føretaket melder at bemanningsområdet har eit særskilt fokus. Delar av avviket på varekostnad medikament er knytt til biologiske legemiddel, implantat, medisinske forbruksvarer og kan setjast i samanheng med høg aktivitet og inntekt. Finanskostnadane er kr 1,5 mill betre enn budsjettert.

Helse Førde



Alle tall i heile tusen

Føretaket har i april eit resultat på minus kr 1,8 mill som er kr 1,4 betre enn budsjettert. Akkumulert er resultatet kr 0,2 mill som er kr 1,4 mill svakare enn budsjettert.

Etter fire månader er inntektene hittil i år kr 1,1 mill lågare enn budsjett medan kostnadssida er kr 0,3 mill over budsjett. Personalkostnadane syner eit meirforbruk på kr 5,6 mill og varekostnadane har eit meirforbruk på kr 2,9 mill. Avskrivningane hittill i år er kr 4 mill høgare enn budsjettert og finansresultatet er kr 2,4 mill betre enn budsjettert.

Kjøp av helsetenester

Resultatet i april er kr 20,7 mill, som er kr 0,8 mill lågare enn budsjettert. Akkumulert er resultatet 118,2 mill som er kr 21,2 mill betre enn budsjettert. Hovudårsaka til det positive avviket skuldast eit betre finansresultat enn budsjettert, lågare bruk av konsulentar, justert premie til Norsk pasientskadeerstatning samt eit positivt avvik knytt til lab/røntgen.

Administrasjonen

Akkumulert resultat etter fire månader er kr 0,6 mill som er kr 1,2 mill betre enn budsjettert.

Sjukehusapoteka Vest

Resultatet i april er minus kr 0,7 mill som er kr 1,2 mill svakare enn budsjettert. Akkumulert resultat er kr 3 mill som er kr 0,1 mill betre enn budsjettert. Varesalsinntektene er kr 5,6 mill under budsjett og tenestesalet er kr 0,7 under budsjett. Sum driftskostnader er kr 6,4 mill lågare enn budsjettert og varekostnadane utgjer kr 4,4 mill av dette avviket som må sjåast i samanheng med eit lågare varesal enn budsjettert.

Helse Vest IKT AS

I april er resultatet minus kr 5,2 mill som er kr 4,6 mill svakare enn budsjettet. Etter fire månader er resultatet minus kr 5,2 mill som er kr 4,8 mill svakare enn budsjettet. Det negative resultatet skuldast i hovudsak lågare aktivitet enn budsjettet, samt auka kostnader til lisensar og linjeleige.

Prognose

	Heile året		
	Prognose	Budsjett	Budsjett avvik
Sjukehusapoteka Vest HF	13 000	13 000	0
Helse Bergen HF	165 000	165 000	0
Helse Fonna HF	34 000	34 000	0
Helse Førde HF	5 000	5 000	0
Helse Stavanger HF	60 000	90 000	-30 000
Kjøp av helsetenester	30 000	0	30 000
Administrasjon morselskap	0	0	0
Helse Vest IKT as	1 000	1 000	0
Til saman	308 000	308 000	0

Alle tall i heile tusen

Helse Stavanger opprettheld si prognose på kr 60 mill som er kr 30 mill lågare enn budsjettet. Føretaket arbeider for å oppnå budsjettbalanse dei resterande månadane i 2013.

Basert på erfaringar og resultatet hittil er det rimeleg å anta at RHF-et vil få eit positivt budsjettavvik. Som ein foreløpig tilnærming er prognosen i RHF-et lagt inn med eit positivt avvik som svarar til den negative prognosen i Helse Stavanger. I tillegg er det budsjettet med ein reserve i RHF-et på kr 154 mill.

Omstilling

Helse Stavanger har etablert ei samla tiltakspakke på kr 44,7 mill. som har hatt effekt frå mars. Hittil er det realisert ei effekt av tiltaka på kr 11,5 mill mot eit budsjett på kr 7,5 mill. Risikoen er vurdert til å være høgare og føretaket arbeider vidare med å utvide tiltakspakka.

Helse Fonna har eit risikobilete på i overkant av kr 50 mill. Omstillingstiltaka som skal dekke denne risikoen er tatt inn i budsjettet og skal ha størst effekt frå og med august.

For dei andre helseføretaka er risikoen vurdert å vere moderat og det er førebels ikkje vurdert som nødvendig å iversette rapportering på omstillingstiltak.

Investering

Helse Vest sitt investeringsbudsjett for 2013 blei vedtatt i samband med behandlinga av sak om konsernbudsjett 2013 i februarmøtet. Samla investeringsbudsjett er fastsett til 1,7 mrd. I tabellen under er det vist status på investeringar pr. april samt estimat for året.

Investeringar 2013	Resten av			
	April	året	Estimat 2013	Budsjett 2013
Bygg	232 680	742 945	975 625	975 350
MTU	81 408	209 417	290 825	295 825
IKT	46 885	179 527	226 412	226 400
Anna	13 600	198 000	211 600	211 600
SUM	374 573	1 329 889	1 704 462	1 709 175

Alle tall i heile tusen

Samla investeringar per april er på kr 374,6 mill. Dette utgjør omlag 22 % av forventet investeringsnivå i 2013.

Helse Stavanger:

Investeringar 2013	April	Resten av året	Estimat 2013	Budsjett 2013
Helse Stavanger:				
Stavanger DPS	14 612	106 236	120 848	93 200
BUPA	4 993	5 703	10 696	0
Ferdigstilling MOBA	14 434	-7	14 427	20 000
Øvrig bygg	4 423	14 931	19 354	56 850
Sum bygg	38 462	126 863	165 325	170 050
MTU	10 949	116 576	127 525	127 525
IKT	12		12	
Anna	6 107	71 693	77 800	77 800
SUM Stavanger	55 530	315 132	370 662	375 375

Alle tall i heile tusen

Investeringar per april utgjør om lag 15 % av estimert investeringsnivå for 2013. Estimatet for året er noko under budsjett.

Helse Fonna:

Investeringar 2013	April	Resten av året	Estimat 2013	Budsjett 2013
Helse Fonna:				
Bygg	13 215	50 285	63 500	58 500
MTU	6 029	28 971	35 000	40 000
IKT	286	5 214	5 500	5 500
Anna	3 159	6 841	10 000	10 000
SUM Fonna	22 689	91 311	114 000	114 000

Alle tall i heile tusen

Investeringar per april utgjør om lag 20 % av estimert investeringsnivå i 2013. Estimatet for året ligg på same nivå som budsjettet.

Helse Bergen:

Investeringar 2013	April	Resten av året	Estimat 2013	Budsjett 2013
Helse Bergen:				
Kronstad DPS	41 641	98 359	140 000	140 000
BUSP trinn I og II	34 304	205 696	240 000	240 000
Ombygging Sentralblokken	51 396	207 604	259 000	259 000
Øvrig bygg	43 000		43 000	43 000
Sum bygg	170 341	511 659	682 000	682 000
MTU	61 358	38 642	100 000	100 000
IKT				
Anna	4 134	94 366	98 500	98 500
SUM Bergen	235 833	644 667	880 500	880 500

Alle tall i heile tusen

Investeringar per april utgjør om lag 27 % av estimert investeringsnivå i 2013. Estimaten for året ligger som budsjettet.

Helse Førde:

Investeringar 2013	April	Resten av året	Estimat 2013	Budsjett 2013
Helse Førde:				
Luftambulans/pre-hospitalt bygg		30 000	30 000	30 000
Øvrig bygg	10 662	24 138	34 800	34 800
Sum bygg	10 662	54 138	64 800	64 800
MTU	3 072	25 228	28 300	28 300
IKT	198	702	900	900
Anna	131	7 069	7 200	7 200
SUM Førde	14 062	87 138	101 200	101 200

Alle tall i hele tusen

Investeringar per april utgjør om lag 14 % av estimert investeringsnivå i 2013. Estimaten for 2013 ligger på samme nivå som budsjett.

Sjukehusapoteka:

Investeringar 2013	April	Resten av året	Estimat 2013	Budsjett 2013
Sjukehusapoteka	70	18 030	18 100	18 100

Alle tall i hele tusen

Investeringar per april utgjør om lag 0 % av estimert investeringsnivå i 2013. Estimaten for 2013 ligger på samme nivå som budsjett.

Helse Vest IKT:

Investeringar 2013	April	Resten av året	Estimat 2013	Budsjett 2013
Helse Vest IKT	46 389	173 611	220 000	220 000

Alle tall i hele tusen

Investeringar per april utgjør 21 % av estimert investeringsnivå i 2013. Estimaten for 2013 ligger på samme nivå som budsjett.

Likviditet

Netto likviditet ved utgangen av april er på kr 1038 mill. Grafen under viser forventet utvikling i netto likviditet (innskot minus driftskreditt) gjennom året 2013.




Alle tall i heile millionar

Driftskredittramma vil ved årets slutt vere kr 1,708 mrd. Samla sett er likviditetssituasjonen med noverande driftskredittramma vurdert å vere tilfredsstillande. Helse Vest har tett oppfølging av likviditetssituasjonen og vil om nødvendig treffe tiltak for å sikre likviditetstilgangen i konsernet.

7. Medarbeidarar

Føretaksgruppa Helse Vest – Sjukefråvær




Måltalet er eit samla sjukefråvær på 5,5 % eller lågare, og eit sjukemeldt fråvær på 4,5 % eller lågare. Per april 2013 var det samla sjukefråværet på 6,4 % og sjukemeldt fråvær på 5,2 %.

Per april 2013 var sjukemeldt fråvær lågare enn per april 2012. For samla sjukemeldt fråvær er det også noko lågare enn per april 2012. Dette er ein god utvikling når det nasjonalt blir varsla auka sjukefråvær.

63,99 % av einingane i føretaksgruppa har eit totalt sjukefråvær under 5,5 % for april 2013 og 66,60 % av einingane har eit sjukemeldt fråvær under 4,5 % for april 2013.

Føretaksgruppa Helse Vest – Månadsverk

Graf og tabell under viser berre helseføretaka.



Det er stabilt forbruk av brutto månadsverk frå april 2013 til mai 2013 og ein auke med 17 netto månadsverk i same perioden samla for føretaksgruppa. Helse Bergen og Helse Førde har hatt ein auke frå april 2013 til mai 2013 i brutto og netto månadsverk, medan Helse Stavanger og Helse Fonna har hatt ein nedgang.

Samanlikna med same periode i 2012 har det vore ein auke med 296 brutto månadsverk og 229 netto månadsverk for føretaksgruppa.

Oppfølging av variable timar hittil i år i føretaksgruppa i Helse Vest


Helseføretaka i Helse Vest	201205	201305	Endring 2012-2013	% endring frå 2012-2013	% endring frå 2011-2012
Merarbeid i kroner	124 391 312	131 581 433	7 190 121	6 %	3 %
Overtid i kroner	142 440 726	158 238 363	15 797 637	11 %	7 %
Merarbeid i timer	698 284	697 943	-341	0 %	2 %
Overtid i timer	326 410	348 381	21 971	7 %	5 %
Brutto månedsverk	94 992	96 515	1 523	2 %	3 %

Det har vore ein auke i bruk av variable kostnader frå april 2013 til mai 2013 i alle helseføretaka. Bruk av overtid har ein vekst i forbruk samanlikna med 2012 som må følgjast nøy.

Føretaksgruppa Helse Vest – Deltid


Det er per april 2 487 fast tilsette medarbeidarar som har registrert profilen sin i deltidskartlegginga. Totalt er det ca. 2 100 fleire tilsette i 100 % stilling per april 2013 enn i desember 2010. Det er for same periode ein glidande endring i høgare stillingsprosent for eit stor talt medarbeidarar.

Målkravet er å redusere differansen mellom 100 % og korrigert gjennomsnittleg stillingsprosent med 20 % reduksjon. Utgangspunkt er korrigert gjennomsnittleg stillingsprosent per mai 2011. Per april 2013 er den korrigerte gjennomsnittlege stillingsprosenten 90,04 %. Per april 2013 har føretaksgruppa Helse Vest har nådd målkravet som var satt til 89,3 %. Det er også andre indikatorar som skal understøtte utvikling av ein heiltidskultur. Styret vil i møtet få ein oppsummering av status så langt i 2013.




Helse Stavanger

Sjukefråvær




64,52 % av einingane i Helse Stavanger HF har eit totalt sjukefråvær under 5,5 % for april 2013. 66,40 % av einingane har eit sjukemeldt fråvær under 4,5 % for april 2013.

Månadsverk




Helse Fonna

Sjukefråvær




64,53 % av einingane i Helse Fonna HF har eit totalt sjukefråvær under 5,5 % for april 2013. 64,96 % av einingane har eit sjukemeldt fråvær under 4,5 % for april 2013.

Månadsverk




Helse Bergen

Sjukefråvær




60,31 % av einingane i Helse Bergen HF har eit totalt sjukefråvær under 5,5 % for april 2013. 63,46 % av einingane har eit sjukemeldt fråvær under 4,5 % per april 2013.

Månadsverk




Helse Førde

Sjukefråvær




68,97 % av einingane i Helse Førde HF har eit totalt sjukefråvær under 5,5 % for april 2013. 71,65 % av einingane har eit sjukemeldt fråvær under 4,5 % for april 2013.

Månadsverk




Sjukehusapoteka Vest

Sjukefråvær




61,29 % av einingane i Sjukehusapoteka Vest HF har eit totalt sjukefråvær under 5,5 % for april 2013.
77,42 % av einingane har eit sjukemeldt fråvær under 4,5 % for april 2013.

Månadsverk



Helse Vest IKT

Sjukefråvær



75,86 % av einingane i Helse Vest IKT AS har eit totalt sjukefråvær under 5,5 % for april 2013.
79,31 % av einingane har eit sjukemeldt fråvær under 4,5 % for april 2013.

Månadsverk

